

LINDÅS KOMMUNE  
 Kvernhusmyrane 20  
 5914 ISDALSTØ

Att. Ole Jakob Aarland

<b>LINDÅS KOMMUNE</b>	
6. 12. 2017	
Ark. saknr. <i>14/348</i>	Løpnr.
Saksh.	Følgingskode

Dato: 04.12.2017  
 Vår ref.: 2017/16878-2  
 Saksbehandlar: oleskau  
 Dykkar ref.:

## Lindås Sjøsluser - Lindås kommune - råd til vidare arbeid

Vi viser til brev frå Lindås kommune, motteke 9.november 2017, der ein ber om synspunkt på eventuelt vidare utgreiingsarbeid om Lindås Sjøsluser, råd om prosessen og kva aktørar som bør være med i den. Til dette brevet gjev Hordaland fylkeskommune svar som regionalt kulturminnemynde.

Lindås Sjøsluser har nasjonal interesse som eitt av kun to sjøsluseanlegg i landet, det andre er sluseanlegget i Skjoldastraumen i Rogaland. Lindås Sjøsluser er det mest framstående av dei. Det har ein naturskjønn og lite endra kontekst. Anlegget er i verneklasse 2 i kystverket sin *Landsverneplan for maritim infrastruktur*.

Sjøslusane ligg i *Den indre farleia*, som står på Riksantikvaren si liste over dei mest framstående kulturlandskapa i landet, *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse*. I eit nasjonalt perspektiv viser *Den indre farleia* ved stadnamn og kulturminne sjeldant sterke kulturhistoriske trekk – kontinuerleg fast busetnad ved straumar, og tidsdjup samferdslehistorie. Stadnamn i nærleiken, som Njøten, Kvalvåg og Hundvin, viser til god og sikker tilgang til mat, og namn som Feste og Salhus (ved Lygra) fortel om ferdsle i landskapet. Lindås sjøsluser er eit viktig kulturminne i dette perspektivet.

Lindås sjøsluser og *Den indre farleia* har eit potensiale for identitetskaping, friluftsliv og næringsutvikling. I lys av ein framtidig stor kommune i Nordhordland kan eit kulturminne som Lindås Sjøsluser i farleia verke samlande. Tilhøva på staden gjer det etter vårt syn mest tenleg med ein reguleringsplan, uavhengig av ambisjonsnivå. Det er naturleg at kommunen har ei leiarrolle i eit slikt arbeid.

Karakteren til sluseanlegget, vilkåra for landvegs tilkomst, og omsynet til grunneigarar i området peikar i retning av mindre skala og realisme i eit planarbeid. Arbeidet bør være inkluderande, og fange opp interessene til grunneigarar i området, Kystverket, næringsliv/reiselivet, friluftslivet og venelag/frivillig sektor i tidlig fase. Det er også naturleg å nemne her at området har eit stort potensiale for funn av kulturminne frå steinalder på land, og kulturminne i sjø. Som kulturminnemynde vil Hordaland fylkeskommune samordne den regionale kulturminneforvaltninga ved eit evt. planarbeid, og gje råd til dette aspektet ved arbeidet.

Hordaland fylkeskommune er medspelar i det pågåande arbeid med Lindås sjøsluser, der fleire partar deltek, og vi ynskjer å stø opp under vidare arbeid med dette unike kulturminnet. Ulike tiltak er p.t. til vurdering i den pågåande dialogen, fleire av dei nemnast i brevet dykkar. Alle desse tiltaka treng ikkje vente på framtidige planar. Vi har i den samanheng motteke, og vil handsame, ein søknad om tilskot til istandsetting av bua. Hordaland fylkeskommune, og Fylkesmannen i Hordaland, har ulike tilskotsordningar til m.a. planlegging, verdiskaping og istandsetting. Om ein går vidare med eit arealplanarbeid for Lindås Sjøsluser kan ein undersøke dette.

Med helsing,

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Ole Vegard Skauge  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

LINDÅS KOMMUNE  
Att: Ole Jakob Aarland  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Lindås Sjøsluser - Lindås kommune - råd til vidare arbeid**

Vi har vedlagt eit dokument frå Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune har starta eit prosjekt med å sende ut posten digitalt. Dette er i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram.

Posten vi sender til deg blir sendt til meldingsboksen din i Altinn, og etterkvart også til postkasse hos Digipost eller eBoks. Der blir du oppfordra til å oppdatere Kontaktregisteret, som er tilgjengeleg både på [www.altinn.no](http://www.altinn.no) og [www.norge.no](http://www.norge.no). Du vil då bli varsla via SMS og e-post om at du kan lese dokumentet i den valde postkassen eller i Altinn.

Verksemder/organisasjonar kan lese dokumentet elektronisk i «Min meldingsboks» på [www.altinn.no](http://www.altinn.no) via rolla «Kommunale tjenester». Eit varsel blir sendt til den registrerte e-postadressa di eller som SMS.

Dokument som ikkje er opna i Altinn innan 2 virkedagar etter at dei er tilgjengelege i meldingsboksen, blir skriva ut og sendt via Posten.

Digitalt førsteval er vegen til raskare, enklare og sikrere samhandling med Hordaland fylkeskommune!

Med helsing  
Hordaland fylkeskommune

